

R-sak 03-23 Fastsetting av styrehonorar

Tilråding til vedtak:

Representantskapet fastset slike styrehonorar for 2023:

1. Leiar i styret skal ha møte- og leiargodtgjersle på til saman 5 % av ordførar i Ørsta si godtgjersle.
2. Medlem av styret skal ha møtegodtgjersle på 3 % av ordførar i Ørsta si godtgjersle.
3. Varamedlem til styret får ei godtgjersle på kr 500,- pr møte.
4. Ved fråvere på 25 % eller meir, vert godtgjersla for faste medlemmar redusert tilsvarande.
5. Godtgjerslene skal utbetalast i desember kvar år.

Saksutgreiing:

Vedtaket om godtgjersle skal representantskapet gjere med heimel i § 7.7 i selskapsavtalen. Det er krav om årleg vedtak.

Tilrådinga til vedtak samsvarar med det vedtaket som representantskapet gjorde i 2022. Det har ikkje kome endra eller nye signal frå kommunestyra i eigarkommunane om at det er ynskje eller behov for endring. Vest Kontroll kom i september 2019 med ei oppmoding om at kommunestyra bør diskutere kva nivå honorara i styret i VØR skal ligge på. Begge kommunestyra har hatt diskusjonar om honorar på generelt grunnlag, men ikkje diskusjon om nivå på honorar for styret i VØR spesielt.

Vi tolkar det slik at kommunestyra overlet til representantskapet å fastsette satsane i tråd med oppdraget i vedtektene, og at ein er nøgde med noverande nivå og praksis.

Styret har fem planlagde møte i 2023. Styreleiar har i tillegg til møteplikt i representantskapet. Ein del andre møter kjem i tillegg, som møter med kommunane/ ordførarane, fellesmøte med dei andre renovasjonsselskapa, møte med dagleg leiar i forkant av styremøte og årleg medarbeidarsamtale.

Ordførarløna i Ørsta er per i dag kr. 1 114 770,-. Ut frå dette vert satsane for 2023 slik:

- Styreleiar kr 55.739,-/ år
- Styremedlem kr 33.443,- / år

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar